

Til 10.klasse – elevar og føresette

Klagerett på karakterar

Generelt

Avgangskarakterar er pr definisjon "enkeltvedtak", noko som inneber ein klagerett etter nærare reglar. Klageretten kjem til bruk når nokon bestemt meiner å ha fått feil karakter. Klageretten varer i 10 døgn etter at ein har motteke karakterane.

Ein klage skal vere skriftleg og grunngjeven, og stila til rektor.

Elevar som har fylt 15 år har sjølvstendig klagerett – uavhengig av foreldra. Sjå Forskrift til opplæringslova, kap 5, de finn lenke på skulen si Ped-It side:

<http://vanylven.pedit.no/web/PageND.aspx?id=135436>

Klage på standpunkt – & fagkarakterar

Før ein eventuelt leverer klage på ein standpunktkarakter, har ein rett til å få ei grunngjeving. Rektor oppmodar om at grunngjeving vert etterspurt før eventuell klage vert innlevert. Ynsket om grunngjeving må meldast snarast råd etter at ein har fått karakterutskrifta. Vi vil då så langt råd er gje ei grundig skriftleg grunngjeving som forklarar kvifor karakteren vart som han vart. Karakteren skal avspegle kompetansenivået eleven har i faget mot slutten av avgangsåret

Klage på orden og åtferd

Ein har same rett til grunngjeving og til å klage på desse karakterane som på fagkarakterane. I tilfelle nedsett i orden & åtferd skal ein vere varsla så tidleg at ein har hatt høve til å rette opp att inntrykket. På den andre sida har skulen ved rektor lov til å setje ned åtferdskarakteren heilt fram til siste minutt før dei vert utlevert på avslutningsfesten.

Klage på munnleg eksamen

Ein kan ikkje klage på karakteren ein får til munnleg eksamen, men ein kan klage på sjølve gjennomføringa av eksamen.

Eit medhald på ein slik klage, vil føre til at det vert arrangert ny trekking av fag til ny eksamen.

Klage på karakter til skriftleg eksamen

Ein bør drøfte med faglærer om det er grunnlag for klage. Ei ny vurdering blir gjort av nye sensorar og kan føre til same karakter, eller det kan bli gitt ny karakter som kan vere både høgare og lågare enn den første. Den siste vert den endelege karakter, utan ny klagerett.

Med helsing

Bodil Holsvik
-rektor-

